



# Frå bok til e-bok

Film og fleksibel læring med IKT i KRL-faget  
Evaluering av eit læremiddelprosjekt

**Kåre Fuglseth  
Eivin Kantun  
Jorunn Ubostad**

**HBO-rapport 17/2004**





Frå bok til e-bok.

Film og fleksibel læring med IKT i KRL-faget. Evaluering av eit læremiddelprosjekt

© 2004 Kåre Fuglseth, Eivin Kantun, Jorunn Ubostad

Alle foto © 2004 Eivin Kantun

Profesjonshøgskolen, Institutt for lærarutdanning og kulturfag

ISBN 82-7314-439-9

## INNHALDSLISTE

<b>1. OM Å GÅ FRÅ BOK TIL E-BOK .....</b>	<b>1</b>
<b>2. TO SÆRLEGE UTFORDRINGAR I KRL-FAGET MED DIGITALE LÆREMIDDEL .....</b>	<b>6</b>
<b>3. ET STUDIEPROGRAM BLIR TIL: FRA BOK TIL CD SOM LÆREMIDDEL I KRL.....</b>	<b>14</b>
3.1    3.1 Et læremiddel blir til.....	14
3.2    IdÉfasen .....	16
3.3    Gjennomføringen .....	19
3.4    Resultat.....	21
<b>4. PRODUKSJON AV FILM OG CD SOM LÆREBOK .....</b>	<b>22</b>
4.1    Innledning .....	22
4.2    Bakgrunn .....	23
4.3    Mål.....	24
4.4    Læremiddelperspektivet og filmperspektivet .....	28
4.5    Økonomi og utstyr: Verdier langt over det som er investert .....	28
4.6    Redigering av filmen .....	31
4.7    Komprimering .....	33
4.8    Å lage en helhet.....	36
4.9    Grafikk, foto, det boklige og det filmatiske.....	37
4.10   Sjangerspørsmålet.....	37
4.11   Noen konklusjoner etter prosjektet <i>Frå Judea til Salten</i> .....	38

<b>5.</b>	<b>STUDENTEVALUERINGA OG LÆRINGSRESULTAT AV IKT-LÆREMIDDELET <i>FRÅ JUDEA TIL SALTEN</i>.....</b>	<b>41</b>
5.1	Empirisk grunnlag .....	41
5.2	Eksamensresultat etter gjennomført opplegg.....	42
5.3	Evaluering av filmen av andre interesserte .....	44
5.4	Evaluerings spørsmål og svar frå studentane i DALU .....	45

## FORORD



Denne rapporten er ei skildring og ei evaluering av multimedieprosjektet *Frå Judea til Salten*. Prosjektet har utvikla eit IKT-tufta læremiddel i samband med undervisninga i den desentraliserte lærarutdanninga (DALU) i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL) ved Høgskolen i Bodø (HBO). Med i prosjektet har vore Eivin Kantun, Jorunn

Ubostad og Kåre Fuglseth. Ubostad og Fuglseth var fagleg ansvarlege, Kantun var produsent. Sigrid Kristoffersen vart trekt inn som kunsthistorikar i presentasjonen av Bodø domkyrkje. Produsenten arbeidde i ei stilling lagt under sentraladministrasjon ved Høgskolen med oppgåver knytt til fleksibel læring, dei andre deltakarane arbeider i Institutt for lærarutdanning (ILUK) på Profesjonshøgskolen. Kåre Fuglseth og Jorunn Ubostad arbeider i KRL-seksjonen og Sigrid Kristoffersen ved Kunst- og handverkseksjonen. For nærmare presentasjon av prosjektet, sjå nettsida <http://webster.hibo.no/alu/seksjon/krl/bib>.

KRL hadde 10 obligatoriske vekttal eller 30 poeng i rammeplanen for allmennlærerutdanning gjeldande i perioden 1999–2003. I dag er dette redusert til 20 obligatoriske poeng, men innhaldet i faget er det same før, og prosjektet er på den måten like aktuelt. Prosjektet har hatt to hovudmål. Det første var å erstatte ei trykt lærebok med ei digital lærebok og å supplere denne med høveleg materiale i digitalt format i undervisninga av dette emnet, bibelfag og bibelfagsdidaktikk i det nye KRL-faget i grunnskolen. Det andre hovudmålet, som naturleg nok var eit mål mest for produsenten, har vore å utvikle ein metode for å produsere motiverande, filmbaserte og interaktive læringspakkar for ei primærmålgruppe innan høgare utdanning, og ta dei i bruk i opplæringa. Prosjektet har såleis hatt ei utfordrande teknisk side, der film og videoutstyr, data og redigeringsprogram skulle verte tilpassa ein filmbasert interaktiv produksjon, og der eksisterande infrastruktur ikkje

alltid har korta ned produksjonstida. Vi ønskjer i denne samanhengen særleg å vurdere om vi kan seie å ha lukkast med desse to hovudmåla. Å lukkast i denne samanhengen har då både ei pedagogisk, ei fagleg og ei teknisk side. Ved å kople KRL-fag (Fuglseth og Ubostad) kunst- og arkitektur (Kristofersen) saman med det filmfaglege (Kantun) har vi skapt eit særeige møte der nye løysingar har dukka opp som ingen av oss hadde tenkt ut på eiga hand. For Fuglseth og Ubostad er det viktig i etterkant å få vurdert den faktiske læringseffekten hjå studentane, slik det kom fram gjennom eksamen og andre evalueringsformer. Felles for oss alle har vore å sjå nærmare på kva som skjer når ein går frå «vanleg» bok til e-bok i akkurat dette faget. Prosessen mot e-boka har sjølvsagt òg interesse langt utover KRL-faget, og for produsenten er prosjektet éi av tre pakker, spreidd på idrettsfag, fiskeri og KRL.

Prosjektet har ikkje late seg gjennomføre utan støtte frå SOFF (Sentralorganet for fleksibel læring, no Noregsuniversitetet) og frå instituttet. Prosjektet var ein del av eitt større prosjekt ved instituttet om fleksibel læring og bruk av IKT. Dette prosjektet heiter «Fjernundervisning i grunnutdanning for allmennlærere» og var eit samarbeid med Høgskolen i Tromsø. Søknaden til avdelinga om SOFF-midlar vart send 30.6.2000 med arbeidstittelen «Fortelling eller analyse? Søknad om SOFF-middel til utvikling av IKT-tufta læremiddel». SOFF-midlane som vart løyva har vore brukte til drift av prosjektet (kr. 40 000). Institutt for lærarutdanning og kulturfag har òg løyva ekstra FoU-tid til Kåre Fuglseth og Jorunn og Ubostad i prosjektstøtte. Utan ei fullverdig TV-avdeling med profesjonelt opptaks og redigeringsutstyr ved høgskolen, hadde ikkje prosjektet kunne late seg gjennomføre.

Ein takk går til alle som har sett og vurdert filmen og ikkje minst til alle studentane som på denne måten har vore prøvekaninar for opplegget.

Bodø, september 2004

Kåre Fuglseth, Eivin Kantun og Jorunn Ubostad

# 1. OM Å GÅ FRÅ BOK TIL E-BOK

Kåre Fuglseth, Eivin Kantun og Jorunn Ubostad



Prosjektet «Frå Judea til Salten» ved Institutt for lærarutdanning og kulturfag på Høgskolen i Bodø, var del av eit større multimedieprosjekt med utgangspunkt i den desentraliserte, samlings- og IKT-tufta allmennlæ-

rarutdanninga. Prosjektet har munna ut i produksjonen av ein nettstad, ein fullversjon på CD (med over 1200 filer) og video i VHS-format med digital tekst, bilete, lyd og film. I etterkant ligg det òg føre i prototyp som DVD. Meir informasjon og delar av sluttproduktet er lagt ut på Internett (<http://webster.hibo.no/alu/seksjon/krl/bib>). Verktøyet skulle først og fremst vere eit hjelpemiddel i bibelundervisninga i KRL-faget (2 vektal og om lag 400 sider studielitteratur), men har òg innslag om sekulære livssyn, kyrkjehistorie, kunsthistorie, arkitektur, bilettolking og fagdidaktikk i KRL. Det skal fungere saman med internettbasert undervisning ved hjelp av internetkundervisningsprogrammet ClassFrontier ([www.frontier.com](http://www.frontier.com)) og med veke-samlingar. DALU har normalt 8 vekeramlingar i året. I den nye nasjonale læreplanen for allmennlærarutdanninga (2002) har KRL 20 obligatoriske studiepoeng og 10 frivillige, men faget i grunnskulen er like stort og femnar dei same emna som før, så læremiddelet vårt er like aktuelt i lærarskolen som før.

Verktøyet eller læremiddelet er sett saman av ein CD-ROM, ein video (VHS) og ei internettside. Filmen er bygd opp med 7 filmsekvensar med utgangspunkt i lokal historie og lokale forteljingar som vi anten kan knyte til kyrkjehistorie, bibelhistorie, lokal kyrkjehistorie og i eitt tilfelle òg til ei sekulær historie (forteljinga om det moderne, den såkalla bruforteljinga). Desse sekvensane utgjer om lag 54 minutt med videofilm. Dei er digitaliserte og komprimerte i formatet Real 8.5 i ulike kompresjonsgradar (men og lågoppløyselig *Windows*-format) til CD og Internett. På VHS-kopien og CD-en er det også lagt inn ein del grovredigert filmmateriale (frå dei 13 timane råfilm), som utdjupingar av nokre tema.

Presentasjon av læringsinnhaldet på CD-rom og på Internett er gjeve i HTML-koding og er delt inn i dei same 7 sekvensane. På Internett og på CD kan ein få presentert kvar sekvens for seg og i tillegg arbeide vidare med problematikken på fleire måtar:

- a. Lenkjer: det er lagt ut interne og eksterne (Internett) lenkjer som studentane kan arbeide vidare med.
- b. Det er lagt ut bilete og lyd frå sekvensane og bilete som utdjuar sekvensane med forklarande tekstar.
- c. Det er lagt ut oppfølgingsspørsmål i fleire sekvensar.
- d. Det er laga ein interaktiv indeks som gjer at ein kan få oversikt over alle emna i materialet (direkte kopla).
- e. Det er lagt opp til interaktivitet gjennom e-post, ei debattsida på <http://yahoo.groups.com> og gjennom aktivitetar på Fronter (<http://www.fronter.com/hibo>) og på samlingar.
- f. Det er laga ein «bakomstad» for informasjon om produksjonen.

Teksten i verktøyet er organisert som hypertekst og størstedelen er basert på ein oppdatert versjon av Jorunn Ubostads innføringsbok om emnet *Om Bibelen* (Oslo: Samlaget 1994)—brukt som pensumbok i KRL. Oppdateringane gjeld i forhold til den nye fagplanen (KRL i L97), endringane i læreplanen for grunnskolen i KRL i frå august 2002 kom etter at denne delen av prosjektet var avslutta (jf. ny læreplan på <http://www.ls.no>). Læremiddelet har i tillegg prøvd å

utnytte dei ressursane som informasjonsteknologien byr fram og som trykte versjonar *ikkje* kan bruke (lyd, levande film og hypertekst og kombinasjonar av stillbilete med lyd). Internettssidene har eigne lenkjer til oppdateringar slik at ein kan leggje til og ev. korrigere eksisterande sider på ein enkel måte.

Det er teke opp ca 20 timar råfilm, med tillegg for synkrone konsertopptak på fleire kamera. Jorunn Ubostad har teke opp film frå Athen og frå Tyrkia. Kantun har teke opp film frå Bodin kyrkje, Bodø domkyrkje, Tverlandet kyrkje, Saltstraumen kyrkje, Givvær (inkl. misjonshuset), Skjerstad kyrkje og området rundt med Ljønes og frå Saltstraumen. Kantun har vore ansvarleg for opptak og for kopirettsproblematikken i forhold til musikk og arkivbilete, vi har mellom anna teke opp lyd og bilete av Tverlandskoret og Bodø orkesterforening si framføring av Mozarts Requiem, og denne musikken er brukt som gjennomgangstema. Filmmaterialet frå Athen og Tyrkia er ikkje teken med i denne omgangen, men det ligg klar for oppdaterte versjonar.

Målet med prosjektet var ikkje berre å presentere nødvendig bibelkunnskap ved hjelp av IKT og filmforteljing, men òg å gje studentane ei innføring i ein sentral fagleg og didaktisk metode, og ein motsetnad mellom *oppleving og teoretisk analyse* på ein måte som neppe var mogeleg tidlegare utan IKT. Opplevingsaspektet byggjer særleg på dramaturgi og andre filmatiske verkemiddel. Dette vil òg danne utgangspunkt for mykje av vurderinga av prosjektet.

Vi vil dele denne rapporten og evalueringa inn i 3 delar:

1. Generelle vurderingar om fleksibel læring
2. Fagleg-teoretisk vurdering i forhold til KRL-faget
3. Studentevaluering

I si vurderinga av fleksibel læring ser Kantun på forholdet mellom den tekniske, økonomiske, filmfaglige og faglige sida av ein slik produksjon og han peikar her på ei rad viktige sider ved ein slik produksjon.

Den fagleg-teoretiske evalueringa vil sjå om ein har greidd å gjennomføre koplinga mellom forteljing og analyse ikkje berre i innhald, men også i form. Dessutan vil vi evaluere kva i KRL-faget som eignar seg når ein skal overføre delar av undervisninga til Internett og anna digital teknologi. Dette vil vere

avgjerande for om det i det heile er mogeleg å lage eit digitalt læremiddel i slike kulturfag som KRL som kan erstatte trykte bøker. Denne spesielt KRL-relaterte delen er skriven av Kåre Fuglseth og Jorunn Ubostad. Fuglseth konkluderer med at det ikkje berre har vore mogeleg, men også *nyskapande* å overføre problemstillinga om forholdet mellom opplevingsbasert undervisning og analytisk undervisning til det digitale formatet med ei blanding av lyd, film, bilete og tekst. Denne problemstillinga er ei fagleg intern, religionsvitskapleg og bibelvitskapleg problem som på denne måten let seg løyse i presentasjon av problemet på ein god måte. Problemet går under mange namn, det er det same som blir diskutert under nemninga kunst vs. fornuft. Det digitale formatet fungerer samstundes som ein katalysator for dette problemet i vårt prosjekt. Ubostads artikkel er skriven i ein narrativ sjanger for på denne måten i form også inkludere ei av dei grunnleggjande ideane i læremiddelet. Ubostad viser til alle dei økonomiske, praktiske og tekniske problema som dukka opp under arbeidet, men konkluderer med å vise til det store potensialet som ligg i denne typen læremiddel og den kompetansehevinga som ligg i slike prosjekt for dei som har vore med på det. På den måten har prosjektet vore gjennomført i tråd med dei intensjonane som dei IKT-tufta prosjekta har ved ILUK: til beste for både skole, lærarar og studentar.

I gjennomgangen av studentevalueringane ser Fuglseth på samanhangen mellom resultatane ved skoleeksamen og dei systematiserte tilbakemeldingane som studentane har gjeve på verktøyet. Verktøyet har vore ein del av undervisninga ved dei desentraliserte undervisningane ved ILUK, Høgskolen i Bodø, og er derfor blitt evaluert gjennom denne undervisninga, eksamen for desse studentane og direkte frå dei studentane som har teke del i dette opplegget. Opplegget er blitt evaluert ved at studentane vart bedne om å fylle ut vurderingsskjema, og til slutt ved at vi la opp til ein skoleeksamen med den problematikken som undervisningsopplegget ønskjer å profilere. Ved skoleeksamen (6 timar) fekk dei to klassane det her var snakk om oppgåver som direkte gjekk på kva dei hadde fått ut av læremiddelet og undervisninga i samband med dette. Svare var sensurert av både intern og ekstern sensor. Resultatet kjem vi nærmare attende til i avsnitt 5, men ikkje alt har fungert like godt i bruken av læremiddelet. Grunnen til dette kjem godt fram i studentevalueringa, og Fuglseth presenterer korleis ein kan finne årsakene til dette i denne evalueringa. I same avsnitt er

også tilhøvet mellom form og innhald omtalt. Kort oppsummert i denne delen av rapporten vil vi peike på at læringsutbyttet er sterkt avhengig av kor vande studentane er med denne typen læremiddel. For at slike læremiddel skal fungere godt, krev det introduksjon og oppfølging på samlingar, betre datautstyr på høgskolen, kanskje ein heilt annan mentalitet om denne læremåten.

## 2. TO SÆRLEGE UTFORDRINGAR I KRL-FAGET MED DIGITALE LÆREMIDDEL



Frå Tverlandet bo- og servicesenter, Bodø

Kåre Fuglseth

Prosjektet «Frå Judea til Salten» ved Avdeling for lærarutdanning ved Høgskolen i Bodø er eit multimedieprosjektet i den desentraliserte, samlings- og IKT-tufta lærarutdanninga. Tittelen på læremiddelet er *Frå Judea til Salten. Fortell eller forstå Bibelen?* Dette er ein tittel som krev ei forklaring.

Han viser til dei særlege utfordringane ein står overfor i KRL-faget og liknande kulturfag når ein skal lage digitale læremiddel som fungerer fagleg godt og fyller dei måla som KRL-faget har i læreplanen.

Den første delen av tittelen er ikkje problematisk; det dreier seg om dei forholda vi tek opp kring lokalt forankra undervisning, korleis dei bibelske fortellingane har funne lokale nedslagsfelt og korleis vi kan utnytte dette i undervisninga ved lærarskolen, i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Den andre delen av tittel er derimot ikkje så enkel. Denne delen refererer både til eit *sentralt* fagleg og til eit fagdidaktisk problem i bibelundervisninga eller historisk fagdidaktikk i det heile. Eg skal forklare dette problemet og vise korleis vi har fått presentert problemet ikkje berre i innhaldet, men i sjølve *forma* på det digitale læremiddelet.

Alle tekstsidene og filmene har eit fellestema, bibelfag, og dei har ein felles konsentrasjon om eitt særleg problem innanfor dette emnet, forholdet mellom historisk og ikkje-historisk (estetisk, kunstnarisk, litterær) tilnærming til Bibelen og Bibelens kulturhistorie eller verknadshistorie i norsk samanheng, særleg i Nordland. Den historiske tilnærminga finn du først og fremst på CD-en, i tekst og bilete og i særleg grad i e-boka, bygd på *Om Bibelen* av Jorunn Ubostad (1994). Historievitskapleg lesing handlar om å vurdere i kor stor grad Bibelen kan seiast å vere historisk korrekt (faktisk rett) og korleis vi kan forklare det som står der i lys av den tida det vart skrive.

Den historiske bibelvitskapen kan skildrast som ein rasjonelt-vitskapleg aktivitet som arbeider etter tre grunnleggjande prinsipp (t.d. Baasland 1991): kausalforklaringar, analogiforklaringar og korrelasjonsforklaringar. *Kausalforklaringar* vil seie at ein vil forklare det som skjer i lys av andre ting som har skjedd før, t.d. om Johannesevangeliet er skrive etter Matteusevangeliet, kan vi ikkje bruke Johannes til å forklare noko i Matteus. Det er alltid ein årsak til at noko skjer, både ein utløysande årsak og ein nødvendig årsak, årsaka kjem nødvendigvis før verknaden. *Analogiforklaringar* vil seie at ein prøver å finne liknande døme på det som blir fortald, anten frå den tida dette er teken frå, frå tidlegare tider eller frå i dag. Kjenner vi slike liknande fenomen i dag, er det lette å forstå kva Bibelen historisk sett talar om. Frå bibelsk tid kjenner vi t.d. mange forteljingar om at personar vart sett på som fødd av Gud, at det står fram personar som meinte at dei var Messias, eller at nokon hadde stått opp frå dei døde. Spørsmålet om Jesus var død og stod opp frå dei døde, har vi i vår rasjonalistiske tid vanskar med. Men fordi Bibelen meiner at dette var ei heilt unik hending, dvs utan analogi, kan ein jo heller ikkje avvise det på prinsipielt logisk grunnlag. Når slike problem oppstår, tek vitskapen det vi kallar ei nøytral stilling (agnostisk metode). *Korrelasjonsforklaringar* vil seie at ein vil forklare det som står ut frå sosial og litterær kontekst. Meininga med ein tekst endrar seg med konteksten, og det er viktig i historievitskapen å kunne finne den originale konteksten, både sosialt og litterært.

Men Bibelen er ikkje berre forteljingar om Israel, Jesus og læresveinane hans, samt tidleg kyrkjehistorie, det er òg viktig å kunne forstå at Bibelen og spesielt dei forteljingane som står i Bibelen har *skapt* historie. Dette kallar vi Bibelens

verknadshistorie eller Bibelens fotefar i kulturen. Alle dei gamle klassiske tekstane (jf. òg dei store greske filosofane, diktarane og historieskrivarane) har ei lang verknadshistorie i europeisk kultur. Til tider har kristendomen vore heilt dominerande. Det tok minst 1000 år frå Jesus vart født til trua på jesusforteljinga fekk skikkeleg rotfeste i Noreg. Men frå rundt år 1000 har vi mange prov på at Bibelen òg har ei verknadshistorie i her til lands.

Forteljingane om då kristendomen kom til Noreg er viktige forteljingar for å forstå vår eigen kultur i dag. I Nord-Noreg har dette har ført prosjektet til nye og gamle kyrkjebygg i Salten. Nordlandskysten skapte tidleg grobottn for ein rik busetnad. Her finn ein mange fornminne som vitnar om ei frodig fortid, og i overgangen til kristen tid rundt 1000-talet har vi mange prov på at kristendomen kom tidleg hit.

Men Bibelen kan lesast på mange måtar. Skiljet mellom historisk tilnæringsmåte og ikkje-historisk tilnæringsmåte er grunnleggjande. Det er mange måtar å forklare dette forskjellen. Dette er to ulike måtar å forstå på, to typar rasjonalitet, to måtar å nærme seg dette stoffet, to måtar å få kunnskap, ja—eigentleg er det to måtar å gripe livet og kulturen i det heile. Den første legg vekt på, logikk, fornuft, analyse og kognitiv refleksjon, den andre legg på oppleving og kjensler. Ikkje berre blir dette forstått som eit sentralt skilje i lesinga av Bibelen, det er òg eit sentralt skilje i måten å forstå kyrkjehistoria og litteratur, og å forstå eller «lese» kunst. Det historisk-kritiske perspektivet vil analysere ein tekst eller ei forteljing, det ikkje-historiske eller a-historiske vil leggje på at vi skal oppleve noko og på den måten meiner ein at ein forstår teksten betre enn om ein berre analyserer i den vestlege rasjonelle vitskapstradisjonen. Striden mellom desse to tilnæringsmåtene er altså ein sentral didaktisk strid (Fuglseth 2003), og det er ein fagleg, bibelvitskapleg strid (jf. Egger 1990), og det er sentralt i dette læremiddelprosjektet.

Noko av poenget med undervisningsopplegget har såleis vore å vise kva som skjer når ein transporterer eit undervisningsstoff som nesten alltid er berre tekst, til eit anna medium når vi tek denne striden som utgangspunkt. Vi har spurd korleis ein kan utnytte dagens informasjonsteknologi i undervisninga i KRL, og ser at ein særleg bør utnytte det potensialet mediet har i forhold til

film og musikk. Med dagens datamaskiner kan ein lett lage filmar og lyd, og dette er teknikk som berre blir meir og meir aktuelt i den digitaliserte kvardagen, òg i grunnskolen.

Føremålet med store delar av opplegget på CD-en er å få fram på ein dynamisk måte forskjellen mellom forteljing og analyse, mellom refleksjon og det intuitive, som inngangsportal til religions- og livssynsdidaktikken. Eg ønskte at dette skiljet skulle komme godt fram, ikkje ved at vi sa det, eller skreiv om det, men i sjølve forma. Med den siste utviklinga i digitalisering av film, lyd og bilete, har det i dag opna seg vegar ein før berre kunne drøyme om. Denne artikkelen er i seg sjølv eit prov på tekstmassens grenser som lærebok og det potensialet som IKT har. Den tradisjonelle trykte læreboka er no kanskje passé? Dette ser ein ikkje berre ut frå det faktum at data, film, lyd og bilete har fått ein heilt anna plass i det moderne kvardagslivet. Dette er forhold som påverkar kulturen og tenkjemåten, noko som igjen fører til at ein må finne nye strategiar i undervisninga—også i kulturfaga.

Psykologen og pedagogen K. Gergen (1999) peikar på at slike nye medium legg større vekt på intuitive verkemiddel og kategoriar, og at dei difor opnar undervisninga for nye grupper som tidlegare vart ståande utanfor tradisjonell læring i skolane og hadde mindre utbytte av undervisninga. Når logisk analyse og refleksjon blir sett på som mindre viktig er ikkje det av di ein vil redusere kvaliteten på undervisninga, men av di ein har fått eit nytt syn på kva kvalitet er. Det ein får med denne type læremiddel vi har prøvd oss på her, kan altså vere ei kvalitetsauke. Dette er eit heilt nytt aspekt ved faget som ein tidlegare ikkje kunne uttrykke i ei lærebok. Lukkast ein i slike prosjekt i tida framover, vil den tradisjonelle trykte læreboka vere passé.

Bakgrunnsteoriane som prosjektet bygde på, kan vi seie høyrer heime under den samlenemninga som vi kallar sosial-konstruktiv eller sosio-kulturelt (Dysthe 2001). Mykje av denne tankegangen har opphavet sitt i den amerikanske sosiologien med utgangspunkt i den fenomenologiske tradisjonen frå Edmund Husserl (1859–1938). Særleg vil i denne samanhengen peika på den amerikanske versjonen av denne tradisjonen som utvikla seg etter A. Schultz (1972). Schutz emigrerte til Amerika under den tyske naziperioden og fekk ein

sentral posisjon ved New School for Sosial Research i New York (Wagner 1983). I Noreg kjenner ein kanskje denne tradisjonen best frå den kunnskaps-sosiologiske utforminga hjå P. Berger og T. Luckmann (1996) og kanskje frå den einaste nordmannen i dette miljøet, Arvid Brodersen (1994). Dette er ikkje teorian ein forventar at studentane på dette nivået skal vite så mykje om innanfor emnet KRL, men vi vil at dei skal vite at dette er teorian som ikkje heng i lause lufta; vi knyter oss til ein grunnfesta teoritradisjon i vårt opplegg. Men her er også mange andre impulsar og retningar innan dette kunnskaps- og lærings-synet. Felles for dei alle er at dei peikar på kunnskap er noko som er bygd opp sosialt, ei tese som blir viktig for kva ein god skole skal vere, t.d. vil lokal og nasjonal kultur, klasserommiljøet og læringsfellesskapet vere viktig i oppfatninga av kva som er kunnskap, korleis ein lærer det best og korleis ein skal evaluere kunnskapen. Dette er heilt i tråd med L97 og det er altså det er altså ein indre samanheng mellom den pedagogiske grunnteorien som ligg bak L97 og dette læremiddelet. Det er difor læringsmiljøet blir så viktig, det er difor gruppearbeid blir så viktig, det er difor lokalmiljøet blir så viktig og det er difor lærerens rolle som forbilete blir så viktig, mellom anna. I etikkundervisninga er dette særst tydeleg. Det nyttar t.d. ikkje å seie at vi skal vere tolerante, om ikkje læraren med måten han eller ho er på, skaper eit miljø der dette er naturleg. Ein lærar kan ikkje omtale andre religionar og livssyn forakteleg og samstundes fortelje elevane kor viktig at vi møter kvarandre med opne sinn.

Denne måten å teoretisere undervisning har ikkje ført til mange nye og vidtgående alternativ i oppseding og opplæringa frå barnehage til høgskole. Men i eit sosial-konstruksjonistisk perspektiv er det no lettare å knyte forskjellige fag saman i ein overordna teori av di ein tenkjer seg at all viten om verda vert bygd opp eller konstruert på same (sosiale) måten. Dette gjer at det tverrfaglege samarbeidet blir både viktigare og lettare, for òg innanfor naturvitskapen er det ein sentral språkleg og dermed sosial faktor, jf. teorien om at naturvitskaplege teorian er avhengig av ein bestemt overordna sosial kategori, mønster (paradigme), og at desse kan endre seg gjennom det ein kallar paradigmeskifte.

I dette sosial-konstruksjonistiske perspektivet blir dei estetiske faga særleg viktig for å forstå kva verda er, kva eit menneske er og kva kultur er, viktigare

enn det mange før tenkte. Religionane er komne til oss først og fremst gjennom kunst, arkitektur og forteljingar. Estetiske uttrykk er det ein kallar ein forståingskategori som ein tenkjer seg er betre uttryksmiddel enn tekstar med ein reindyrka rasjonell argumentasjon, og som vanlegvis ikkje tek omsyn til kor essensielt det sosiale aspektet og opplevingsaspektet er ved all læring. Oppleving og estetiske uttrykk (dei edle kunststartar som drama, kunst, litteratur, musikk, poesi, forteljingar o.l.) er generelt viktigare enn logisk analyse og systematikk, sjølv om begge høyrer med. På ein akademisk institusjon kan ein jo ikkje leggje bort logikken til fordel for intuisjonen, men ein kan heller ikkje lenger leggje vekk intuisjonen og opplevinga som ligg i forteljing og kunst. Vitskapsteori vert i det store og heile meir og meir sosiologisk eller samfunnsvitskapleg grunnlagt. Samfunnsperspektivet blir det overordna perspektivet.

Ein konsekvent sosial-konstruksjonistisk tilnæringsmåte vil lettare kunne føre til lokalt perspektiv og engasjement, for det er lokalt at verda blir sosialt konstruert. Det vil òg kunne føre til politisk engasjement fordi ein fokuserer på at verda vert konstant konstruert. Læraren skal vere noko meir enn ein funksjonær i statsapparatet; det er etter mi meining éi naturleg tolking eller konsekvens av denne teorien.

Det lokale perspektivet vil føre til spesielle perspektiv avhengig av det lokalmiljøet ein bur i. Du må spørje kva som er typisk for vårt samfunn, vårt distrikt. Ei medvite analyse av vår eigen situasjon og lokale forandring vert då nødvendig. Her spelar forteljingar ei vesentleg rolle, noko vi prøver å vise ved å trekkje fram forteljinga om vikinghovdingen frå Salten, Raud den ramme, kristninga av Nord-Noreg og resultatet av denne kristninga i dei lokale kyrkjebygga, samt misjonsforteljingane frå Givær. Religion og livssyn er òg sosialt konstruerte. Dette er ein teori ein kan bruke utan at ein treng å ta stilling til om det også finst noko meir, bakom våre konstruksjonar, og spørsmålet om dei grunnleggjande verdiane for dei måla samfunnet og skolen har, er pr. definisjon av religiøs, filosofisk eller livssynsmessig karakter. Det er som nissen på lasset, sjølv sagt.

Kyrkjebygg er sær gode døme på Bibelens verknadshistorie. Det er konkrete manifestasjonar på det Bibelen handlar om har slått rot. Det har slått rot lokalt,

og sjølv om Bibelen ikkje er lokal for oss i utgangspunktet, har han i Noreg fått særdrag vi ikkje finn andre stader. Arkitekturen i kyrkjene er ikkje berre eit resultat av lokale byggetradisjonar, men det er òg eit resultat av ein bestemt måte å tenkje på, ein teologi eller ekklesiologi (lære om kyrkja). Frå arkitekturen går det difor klare liner til Bibelens forteljingar og Bibelens innhald. Kyrkjene er også ofte rikt illustrerte og dekorerte, noko som endå tydelegare viser samanhengen mellom kyrkjene presenterte i læremiddelet og Bibelen. Bibelfagsundervisning må ta utgangspunkt i det same mønsteret, i dikotomien analyse og oppleving.

Den eine metoden eller perspektivet i prosjektet er altså a-historisk og narrativ, og den andre historisk-kritisk og analytisk. Den første fokuserer primært på oppleving, den andre på intellektuell refleksjon ved å trekkje inn andre perspektiv enn den teksten sjølv nyttar. Dei presenterer to forskjellige løysingar på det hermeneutiske og relativistiske problemet som historismen stiller. Historismen er idéhistorisk og vitskapsteoretisk retning som veks fram i skuggen av opplysningstida med sentral aktørar som G. Herder (Fuglseth 2000, 2003). Den same konflikten mellom oppleving og analyse går igjen i bibelvitskapen og i undervisninga slik KRL-planen i L97 og det nye KRL02 legg opp til: mest narrativ metode i småskolen, historisk-kritisk mest i ungdomsskolen. Perspektiva kolliderer, og denne kollisjonen ligg under heile presentasjonen av undervisningsopplegget, samstundes som ein presenterer emnet «Bibelen». Konflikten som undervisningsopplegget tek opp kan i tillegg presenterast gjennom møtet mellom omskrivne bibelforteljingar for barn og historisk analyse. Den ateistiske/agnostiske og relativistiske historievitskapen har vore eit sentralt problem for kristen teologi i meir enn 200 år. Problemstillinga om objektivitet og relativisme i den historiske analysen kan trekkjast inn som ein del av spørsmålet om Bibelens normative plass i kristen etikk, og ein kan trekkje trådar til dagens diskusjonar i kyrkja om narrativ kontra rasjonell-dogmatisk grunnngjeve etikk (Henriksen og Vetlesen 1997:67ff).

Verktøyet presenterer altså to typar material om Bibelen, både historier (slike som held seg nært opp til den bibelske forteljinga og slike som ikkje er det) og dokumentarprega stoff, det inneheld ein presentasjon av Bibelen sett frå begge desse to hermeneutiske perspektiva: oppleving/forteljing og analyse. Dermed

får form og innhald same utgangspunktet i heile læremiddelet og *skaper ein særleg dynamikk som gjer verktøyet til noko meir enn berre ein enkel tekstpresentasjon*. Dette er særst viktig fordi dette er eit *nyskapande* grep i eit læremiddel som direkte er relatert til IKT-basert undervisning, og som det hadde vore umogeleg å få fram på denne måten ved hjelp av vanleg undervisning og i ei trykt bok.

### **Litteratur:**

- Baasland, E. (1991). *Ordet fanger. Bibelen og vår tid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berger, P. og Luckmann, T. (1966). *The social Construction of Reality. A Treatise in the Sociology of Knowledge*. New York: Anchor Books.
- Brodersen, A. 1994. *Sosiologi som opplevelse*. Det Blå Bibliotek. Oslo: Universitetsforlaget.
- Egger, W. (1990). *Methodenlehre zum Neuen Testament. Einführung in linguistische und historisch-kritische Methoden*. 2. Aufl. Freiburg, Basel, Wien: Herder.
- Fuglseth, K. (2000). «Biblical Interpretation by Newton and Herder». Ss. 55–68 i *Herder and Humboldt: Language and Culture*. Redigert av Gundersen, O. Kulturstudier; 16. Kristiansand: Høyskoleforlaget (Norwegian Academic Press).
- Fuglseth, K. (2003). «Analyse eller forteljning». *FoU i praksis*. Redigert av Karlstad, G. Trondheim: Program for lærerutdanning, NTNU, s. 115-139.
- Dysthe, O. red (2001): *Dialog, samspel og læring*. Abstrakt forlag, Oslo.
- Gergen K. 1999. *An Invitation to Social Construction*. London: Sage Publications.
- Henriksen, J.-O. og Vetlesen, A. J. (1997). *Nærhet og distanse. Grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- L97. (1996). Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. Oslo: Utdannings- og forskingsdepartementet
- Schütz, A. (1972). *The phenomenology and the social world*. London: Heinemann.
- Ubostad, J. (1994). *Om Bibelen. Innføring i Det gamle og Det nye testamentet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Wagner, H. R. (1983). *Alfred Schutz: An Intellectual Biography*. The Heritage of Sociology. Chicago and London: The University of Chicago Press.

### 3. ET STUDIEPROGRAM BLIR TIL: FRA BOK TIL CD SOM LÆREMIDDEL I KRL

Jorunn Ubostad



Altartavla i Bodin kyrkje (ukjend kunstnar)

#### 3.1 3.1 ET LÆREMIDDEL BLIR TIL

Som så mange andre prosjekt, startet også vårt prosjekt litt tilfeldig. Over en periode hadde studentene på lærerutdanninga brukt mi bok som pensumbok i bibelfag. Boka er utgitt på Det Norske Samlaget i 1994. Våren 2002 var det

klart at Samlaget ikke ønsket å

trykke boka i nytt opplag. Som faglærer var jeg lite tilfreds med at en etter min vurdering god pensumbok ikke ville bli gjort tilgjengelig for kommende studentkull, og vurderte på hvilken måte jeg kunne utnytte det materialet som finns i boka til beste for studentene.

Boka mi, *Om Bibelen* (Ubostad 1994), dekker et større område enn øvrige bøker som er skrevet om dette fagfeltet med tanke på å være pensumbok for allmennlærerstudenter. Styrken med boka er at den i tillegg til historisk oversikt og oversikt over de ulike skriftene i Bibelen, også har en bred gjennomgang av teologiske emner, som gudssyn, menneskesyn, syn på frelse, etikk. Jeg har i boka lagt vekt på nettopp dette aspektet, og har ca. 150 sider bibelteologisk stoff. Her har jeg tatt for meg f. eks. etikken i Det gamle testamentet og etik-

ken i Det nye testamentet, og fått fram hvordan etikktankegangen er ulik og utvikler seg, samtidig som det grunnleggende elementet er beholdt. Tilbakemelding fra de studentene som virkelig hadde arbeidet med boka var udelt positiv, særlig la de vekt på betydningen av det bibelteologiske materialet. De savnet dette i andre lærebøker om Bibelen.

Boka hadde ikke hatt noe stort salg, dels fordi lærebøker for høyere utdanning vanligvis ikke selger så godt, dels fordi forlaget, Samlaget, er en mindre aktør på feltet - men kanskje mest fordi mitt navn ikke er så kjent i faglig sammenheng på landsbasis. Andre lærebokforfattere som har skrevet om samme emnet, har mer velkjente navn og sterkere markedsføringskrefter i ryggen. Men jeg ønsket altså, på grunnlag av studentenes reaksjoner, å bruke min tekst som pensum for nye kull. At det var lite salg på boka mi på bruktbokmarkedet, sa vel også sitt.

Jeg hadde ved flere anledninger tatt studenter med i nrområdet, på dagsturer til Helligvær, Givær og Sulitjelma. Hensikten var at de skulle bli kjent med hverandre og meg som faglærer, men også at de skulle bli kjent med nrområdet. Vi hadde lagt vekt på hvilken betydning kristendommen spilte i disse småsamfunnene, gjennom besøk i kirke og bedehus - og gjennom møte med mennesker som kunne fortelle hva det betydde for dem. Mine erfaringer med denne type lokalbasert undervisning er udelt positive. Studentene ble motivert for fagstoffet, de fikk et levende inntrykk av hva Bibelen hadde betydd for vanlige mennesker - kort sagt et innblikk i Bibelens virkningshistorie i vårt eget distrikt.

Jeg har lenge vært opptatt av lokalbasert pedagogikk anvendt på religionsundervisningen. Gjennom å bruke lokalmiljøet som læringskilde kan en oppnå mange fordeler. Fagstoffet blir levende, det er ikke bare kunnskap om noe som skjedde i en annen tid og et annet sted, men det er kunnskap om hva som har formet det miljøet eleven selv er del av og skal sosialiseres inn i. Det er å få innsikt i og kunnskap om verdier, bygninger, forestillinger, fortellinger i eget miljø, ikke bare det læreboka har plukket ut. Og det gir stolthet over eget miljø - vi har også noe å vise fram, det er ikke bare sentrale strøk som har det. Og ikke minst - det fritar læreren fra rollen som sannhetsvitne for religion og livs-

syn. Religion er noe som har betydning og har betydning for mennesker i elevenes eget miljø, uavhengig av deres og foreldrenes ståsted. Derfor er det noe de bør ha kunnskap om og innsikt i. De bør kjenne de religioner og livssyn som har preget nærmiljøet, og de bør ha innsikt i hvorfor de har kommet til å prege det - historien bakover.

Med dette som utgangspunkt var det naturlig å tenke over om innsikt i lokalmiljøet rundt Høgskolen i Bodø også kunne fungere som læringskilde for studentene, både for deres egen læring og som eksempel på fagdidaktisk tenking.

Fra andre sammenhenger var jeg blitt kjent med Eivin Kantun, og visste at han var meget interessert i produksjon av video for undervisningsformål. Han hadde gjennomført både undervisning om dette og prosjekt basert på samarbeid med andre fagmiljø. Dessuten var jeg klar over at han hadde mulighet for å gå inn i et prosjekt om bibelstoffet, fordi hans arbeidssituasjon var blitt endret. Jeg foreslo en grovtegnert projektskisse for ham, med teksten fra boka som basis og video fra nærmiljøet som illustrativt material. Han tente umiddelbart på ideen, og var meget ivrig for å sette i gang.

